



PROSJEKTPLAN

Kompetanse for mangfold

Prosjektfase

01.08.17 – 01.08.18

Kort beskriving av prosjektet

Kompetanse for mangfold er eit kompetanseløft på det fleirkulturelle området. Satsinga kjem av at mange minoritetspråklege barn og unge møter særskilde utfordringar i utdanninga.

Målet er at tilsette i barnehagar, skular og vaksenopplæring skal klara å støtta barn og vaksne med minoritetsbakgrunn på ein måte som bidrar til at desse fullfører og består heile utdanningsløpet.

Prosjektansvarleg:

Kristin Moe
Kommunalsjef Oppvekst
Lindås kommune

Prosjektleder:

Ragna Midtbø
Einingsleiar grunnskule
Lindås kommune

HVL kontaktperson/kordinator

Yvonne Bakken
Høgskulelektor ved
Samfunnsfagseksjonen HVL

1. Mål og rammer

1.1 Bakgrunn

Utdanningsdirektoratet iverksette hausten 2013 et femårig kompetanseløft på det fleirkulturelle området: «Kompetanse for mangfold». Dette er ei femårig satsing som skal bidra til at kompetansen blir heva i alle ledd av utdanningssystemet. Målet er at barn, elevar og vaksne med minoritetsbakgrunn får eit tilbod tilpassa sine behov og eit godt læringsutbytte. Oppdraget har bakgrunn i Meld. St. 6 (2012-2013) « *En helhetlig integreringspolitikk*»- *Mangfold og fellesskap*.

Kompetansehevinga rettar seg direkte mot alle tilsette i verksemda og har som mål å føra til ei utvikling hjå den enkelte barnehage og skule.

Universitet og høgskular har fått i oppdrag å tilby kompetanseheving til skulane og barnehagane som deltar i satsinga.

Fylkesmannen i Hordaland inviterte Lindås kommune til deltaking i satsinga våren 2017. Lindås kommune takka ja til tilbodet. Knarvik ungdomsskule, Knarvik barneskule, Haugen barnehage og Lindås vaksenopplæring var avdelingar som melde behov for kompetanseheving på området og er deltakande avdelingar i satsinga. Høgskulen på Vestlandet (HVL) skal bidra med fagleg støtte og leggja til rette for fagleg refleksjon i barnehagen og på skulane Fylkesmannen (FM) skal bidra med opplæring i regelverket for barnehageleiarar, barnehageeigarar, skuleleiarar og skuleeigar.

1.2 Konkrete mål

Å auka kompetansen innafor fleirkultural pedagogikk hjå dei tilsette i deltakande avdelingar med vekt på

- Kunnskap om ulike kulturar – fleirkulturell/interkulturell kompetanse
- Språkutvikling, språkkinnlæring og kartlegging- “Verktøykasse” for god opplæring
- Tverrfagleg samarbeid i personalet i ungdomsskulen og bruk av mangfald som ein ressurs
- Foreldresamarbeid
- Regelverket

1.3 Ramme

Prosjektperiode er skuleåret 2017-2018

Økonomi: 70 - 100 000 per tenestestad/avdeling

Høgskulen på Vestlandet (HVL) bidreg med fagleg støtte og kompetanseheving, felles og på kvar tenestestad. Tidsbruk for HVL er 2 halve dagar per avdeling i kvart semester og samling for alle ein heil dag eller to halve kvart halvår.

Fylkesmannen gjev opplæring i regelverket.

2. Organisering

2.1 Deltakarar

Avdeling	Avdelingsleiar/rektor	Tal tilsette
Haugen barnehage	Kate E. Klementsens	14
Lindås vaksenopplæring	Sally K. Solberg	19
Knarvik barneskule	Terje H. Aarvik	25 ped/18 ass
Knarvik ungdomsskule	Olaf M. Hella	50

2.2 Prosjektleiing i kommunen

Prosjektansvarleg: Kristin Moe
Prosjektleiar: Ragna Midtbø
Styringsgruppe: Sally K Solberg, avdelingsleiar Lindås vaksenopplæring
Kate Klementsens, avdelingsleiar Haugen barnehage
Monica V. Reigstad, undervisningsinspektør Knarvik ungdomsskule
Terje H. Aarvik, rektor Knarvik barneskule
Ragna Midtbø, einingsleiar grunnskule
Roy Thomassen, PPT, når det høver

2.3 Prosjektleiing i kvar avdeling

Kvar avdeling har ei arbeidsgruppe som styrer arbeidet i personala og formulerer bestilling til HVL i forhold til status for arbeidet. Deltakaren i den kommunale styringsgruppa leier arbeidsgruppa på kvar avdeling.

Kvar avdeling har eige mål for arbeidet i personala og ein framdriftsplan der innhald, arbeid og deltakarar er fordelt utover prosjektperioden

2.4 Arbeidsmåtar

Barnehage og skulebasert kompetanseheving der dei tilsette deltek i ein utviklingsprosess på eigen arbeidsplass med mål om å utvikla samla kunnskap, felles haldningar og dugleikar når det gjeld læring, undervisning og samarbeid ut frå målsetjingane.

Høgskulen bidrar med kurs, førelesingar, rettleiing og besøk på arbeidsplassane ut frå bestillingar frå deltakaren i styringsgruppa som leier arbeidet på kvar avdeling

2.5 Oppfølging

Deltakarane i styringsgruppa rapporterer til prosjektleiar i styringsgruppemøta.

2.6 Samarbeidspartnarar

PPT Lindås
 Lindås barnevern
 NAV Lindås
 Flyktningetenesta i Lindås, Meland og Radøy

3. Tidsplan for avtalar internt og med HVL

Hausten 17

Når	Kva	Deltakarar	Ansvar
Veke33, 15.08	Oppstartsamling Kultur og kulturforståing	Personala i dei 4 avdelingane	HVL: Yvonne Bakken Ragna Midtbø
Veke 36, 06.09	Møte i styringsgruppa	Styringsgruppa	Ragna Midtbø
Veke 38, 18.09 21.09	HVL på Knarvik ungdomsskule (Vaksenopplæringa er med) HVL i Haugen barnehage	Personalet på u.skulen og på Vaksenopplæringa Personalet i barnehagen	HVL: Yvonne Bakken Monica V. Reigstad HVL: Yvonne Bakken Kate Klementsens
Veke 39 ,28.09	Møte i styringsgruppa MILEPEL: Ferdig foreløpige prosjektplanar frå kvar avdeling	Styringsgruppa	Ragna Midtbø
Veke 40, 02.10	HVL på Knarvik barneskule	Personalet	HVL: Yvonne Bakken Terje H. Aarvik
Veke 42, 19.10	Regelverksamling, Fylkesmannen	Leiarar i avdelingane, barnehageeigar, skuleeigar	Fylkesmannen Påmelding: Ragna Midtbø
Veke 43, 24.10	HVL hjå Vaksenopplæringa	Personalet	HVL: Yvonne Bakken Sally Solberg
Veke 44, 01.11	Styringsgruppemøte MILEPEL: Vurdering av status, justering av planar Arbeid med kriterium for måloppnåing	Styringsgruppa	Ragna Midtbø
Veke 45, 08.11	HVL i Haugen Barnehage	Personalet	Yvonne Bakken og Kate Klementsens
Veke 45, 09.11	HVL på Knarvik ungdomsskule Planlegging for mangfald i tverrfagleg prosjekt	Personalet Arbeid på trinn/team	Yvonne Bakken og Monica V. Reigstad Plangruppa
Veke 48, 27.11	HVL på Knarvik barneskule	Personalet	HVL: Yvonne Bakken Terje H. Aarvik

Arbeid i kvar avdeling i samsvar med egne planar i mellom kvart besøk frå HVL

Våren 18

Når	Kva	Deltakarar	Ansvar
Veke 2, 11.01	Møte i styringsgruppa	Styringsgruppa	Ragna Midtbø
Veke 3, 17.01	Regelverksamling, Fylkesmannen	Leiarar i avdelingane, barnehageeigar, skuleeigar	Fylkesmannen Påmelding: Ragna Midtbø
Veke 4, 22.01	HVL på Knarvik ungdomsskule	Personalet på u.skulen	HVL: Yvonne Bakken Monica V. Reigstad
Veke 5, 01.02	HVL i Haugen Barnehage	Personalet	Yvonne Bakken og Kate Klementsens
Veke 7, 11.02	HVL hjå Vaksenopplæringa	Personalet	HVL: Yvonne Bakken Sally Solberg
Veke 7, 12. 02	HVL på Knarvik barneskule	Personalet	HVL: Yvonne Bakken Terje H. Aarvik
Veke 11, 12.03	HVL på Knarvik ungdomsskule	Personalet på u.skulen	HVL: Yvonne Bakken Monica V. Reigstad
Veke 11, 15.03	Regelverksamling, Fylkesmannen	Leiarar i avdelingane, barnehageeigar, skuleeigar	Fylkesmannen Påmelding: Ragna Midtbø
Veke 12, 22.03	Møte i styringsgruppa	Styringsgruppa	Ragna Midtbø
Veke 16, 16.04	HVL på Knarvik barneskule	Personalet	HVL: Yvonne Bakken Terje H. Aarvik
Veke 16, 17.04	HVL hjå Vaksenopplæringa	Personalet	HVL: Yvonne Bakken Sally Solberg
Veke 16, 18.04	HVL i Haugen Barnehage	Personalet	Yvonne Bakken og Kate Klementsens
Veke 23-25	Evaluering, rapport, plan for vidareføring i kvar avdeling		Leiarane, styringsgruppemedlem i kvar avdeling
Veke 25, 22.06	Møte i styringsgruppa Oppsummering /evaluering/vidareføring	Styringsgruppa HVL, kommunalsjef	Ragna Midtbø

Datoar kan bli endra

Andre aktivitetar:

- Arbeid i kvar avdeling i samsvar med eigne planar mellom kvart besøk frå HVL
- Møte med samarbeidspartnarar
- Gjennomføring av ekskursjonar og deltaking på konferansar
- Rapportering til kommunalsjef og spreing til andre avdelingar

4. ØKONOMI

4.1 Bruk av prosjektmidler

Etter vurdering, prioritering og samordning i styringsgruppa, disponerer dei deltakande avdelingane egne prosjektmidler. Direkte utgifter til satsinga skal merkast O237 i rekneskapen.

Kostnader til tiltak utover prosjektmidler vert å ta av eige budsjett

4.1 Foreløpig ressursbehov utover eige budsjett

- Frikjøp av deltakarar, vikarbruk
- Kjøregodtgjerdse
- Ekskursjonar for personalet og/eller utvalde grupper av personalet for å læra av andre
- Reise og deltaking på Norskkonferansen 2018 for dei tilsette på Vaksenopplæringa og utvalde andre
- Utgifter til samlingar

Oktober 2017

Ragna Midtbø